



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
sfvlpost@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Kontrakt

Kartlegging av insekt på utvalde lokaliteter langs Aurlandsfjorden

Det er inngått avtale om kartlegging av insekt på utvalde lokaliteter langs Aurlandsfjorden, inkludert forslag til skjøtselstiltak og overvaking. Innhold i avtale om kjøp av tenesta kjem fram av vedlegg til kontrakt.

Saksnummer for kontrakten:

Avtalen er underteikna av Statsforvaltaren på vegne av verneområdestyret.

Dette dokumentet er godkjent og signert elektronisk av partane.

Dato/stad

Dato/stad

Nærøyfjorden verneområdestyre
v/ Statsforvaltaren i Vestland

1. GENERELT OM ARBEIDET

Nærøyfjorden verneområdestyre ynskjer kartlegging av sommarfuglar og andre insekt i opne enger, naturbeitemarker og rasmarker på begge sider av Aurlandsfjorden opp til og med høgdegardane Øvste Stigen på eine sida av fjorden og Nedbergo på andre sida av fjorden. Kartlegginga er ei oppfylging og supplering av kartlegging gjennomført av Miljøfaglig Utredning i 2022.

2. ARBEIDSOMFANG

Arbeidet som skal utførast er kartlegging i felt, artsbestemming og utarbeiding av rapport.

Det skal hovudsakleg kartleggast trua sommarfuglar og andre insekt. Målet er å få betre oversikt over skjeldne og trua artar knytt til det opne landskapsområdet på begge sider av fjorden. I tillegg til kartlegging av dagaktive insekt, ynskjer vi at det blir valt ut nokon område der det også blir kartlagt nattaktive insekt. Der dette ikkje allereie er gjort, skal det i tillegg kartleggast naturtypar. Det er fint om funn av interessante artar innanfor andre organismegrupper også blir registrert, men kartlegginga gjeld i hovudsak insekt. Artsfunn skal registrerast i artsobservasjonar.

Området som skal kartleggast er opne enger, naturbeitemarker og rasmarker på begge sider av Aurlandsfjorden opp til og med høgdegardane Øvste Stigen på eine sida av fjorden og Nedbergo på andre sida av fjorden. Kartlegginga er ei oppfylging og supplering av kartlegging gjennomført av Miljøfaglig Utredning i 2022. Rapporten frå denne kartlegginga finn de [her](#).

Områda som skal kartleggast er:

- Dei delane av naturbeitemarkene ned mot fjorden under Stigen som Miljøfagleg utredning ikkje kartla i 2022, spesielt engene på sørsida av Kolda-elva og nordover til tuppen av neset (Beitlasanden).
- Engene rundt høgdegardane Stigen og Øvste Stegen, med hovudvekt på Nedste Stigen, der det er forventa størst sjanse for interessante funn.
- Ståflaten og langs stien oppover mot Nedbergo
- Engene rundt høgdegarden Nedbergo
- Vetlenedbergo, Husaflaten og Vetleteigen.

[Sjå kartutsnitt her](#) med grenser for områda som skal kartleggast. Merk at dette er grove, omtrentlege grenser. De må sjølv gjere vurderingar i felt når det gjeld nøyaktig kor grensa for dei verdifulle naturtypane som er viktig å kartlegge går.

Rapporten skal i tillegg til funna også innehalde skjøtselsråd som supplerer råda gitt av Miljøfagleg Utredning i rapporten frå kartlegginga i 2022. Den skal også innehalde forslag til indikatorart(ar) og langsiktig overvåking av naturverdiane i området.

3. GENERELLE KRAV TIL UTFØRELSEN

3.1 PERSONELL

Personell må ha naudsynte kvalifikasjonar for gjennomføring av oppdraget.

3.2 MATERIELL

Leverandør held eige utstyr for utføring av arbeidet.

4. PRIS

Kontaktsverdien er kr. _____ ekskl. mva.

Driftsutgifter og utgifter til eventuell innleigd arbeidshjelp eller underleverandør og reisekostnader (inkl. båttransport til kartleggingsområde) skal dekkast innanfor ramma for kontraktsverdien.

5. RETTIGHEITAR

Oppdragsgjevar overtek retten til å bruke materiellet som blir produsert i eigne kanalar. Produktet, eller delar av det, kan ikkje endrast eller overdragast til andre utan etter samtykke frå leverandør. Leverandør har rett til å bruke produktet i eiga marknadsføring.

6. KONTRAKTSPERIODE OG FRAMDRIFTSPLAN

Kontraktperioden er frå februar 2024 til 1. mars 2025. Dersom uforutsette forhold spelar inn kan kontraktstida forlengast. Kontrakta opphøyrer ved utløp av avtaletida utan føregåande oppseiing. Arbeidet vert ikkje sett på som fullført før det er godkjent av oppdragsgjevar.

Framdriftsplan skal fylgja oppsett i tilbodsdocumentet.

7. ADMINISTRATIVE REGLAR

Våre leverandører og avtalepartnere skal respektere grunnleggende sosiale og etiske krav i sin virksomhet. Leverandøren skal respektere FNs menneskerettighetskonvensjon. Nasjonal- og internasjonal miljølovgivning og –reguleringer skal overholdes. Arbeidsmiljøet skal være i henhold til produsentlandets lovgivning og internasjonale retningslinjer.

Det skal ikke foregå noen diskriminering i arbeidslivet basert på etnisk tilhørighet, religion, alder, uførhet, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeningsmedlemskap eller politisk tilhørighet.

Arbeiderne skal uten unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeninger etter eget valg, og til å forhandle kollektivt. Dersom disse rettigheter er begrenset eller under utvikling, skal leverandøren medvirke til at de ansatte får møte ledelsen for å diskutere lønns- og arbeidsvilkår uten at dette får negative konsekvenser for arbeiderne.

Den nasjonale minstelønnen er laveste aksepterte nivå, og skal alltid være tilstrekkelig til å dekke grunnleggende behov. Lønnen skal betales direkte til den ansatte, fullt ut og til rett tid. Arbeidstiden per uke skal ikke overstige den lovlige grensen, og overtid skal betales i henhold til loven.

8. FAKTURERING

Faktura skal sendast elektronisk på EHF med organisasjonsnr. 974760665 (Statsforvaltaren i Vestland) og tydeleg merkast med bestillingsid: 3850joval.

Fakturafrist: 1. desember 2024.

9. PARTANE SINE REPRESENTANTAR

Oppdragsgjevar sin representant:

Hovudkontakt:

Namn : Jorunn Ospedal Vallestad

Tittel : Verneområdeforvaltar

Telefon: 97567934

E-post : joval@statsforvalteren.no

Leverandøren sin representant:

Hovudkontakt:

Namn :

Telefon:

E-post :